



OSTERØY KOMMUNE
Service og Informasjon

REGLEMENT FOR SPØRJETIME I HERADSSTYRET

For å betra innbyggjarane sin tilgang til å engasjera seg i kommune- og tenesteutviklinga, vert det innført spørjetime i heradsstyret.

For ordninga gjeld følgjande:

- Spørjetime vert i starten av heradsstyremøtet
- Det vert avsett 30 minuttar i starten av møtet
- Spørsmåla skal vera innmelde og avklart med ordførar før møtet
- Alle som bur i kommunen kan stilla munnlege eller skriftlege spørsmål. Spørsmåla må vera meld seinast måndag i møteveka
- Spørsmåla skal vera om kommunale emne som har allmenn interesse for innbyggjarane. Spørsmåla kan ikkje innehalda noko om enkeltpersonar, heller ikkje om den som stiller spørsmålet
- Spørsmåla må vera korte – det må ta maksimum 3 minutt å lesa opp spørsmålet
- Spørsmålstillar har høve til å koma med eitt tilleggsspørsmål etter ordføraren sitt svar
- Ordninga vert administrert av ordførar

Vedteke i heradsstyret 27.05.2009.